



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/7254-1

Storbykonferansen for eldreråds uttale om fri tannbehandling og eigenandel

Uttale frå fylkesrådet for eldre vert skrive i møte 20. september.

Vedlegg:

Uttale frå Storbykonferansen 2018 – om fri tannbehandling og eigenandel

SAKSFRAMSTILLING

Eldreråda frå dei ni største byane i Norge; Bergen, Drammen, Fredrikstad, Kristiansand, Oslo, Sandnes, Stavanger, Tromsø og Trondheim, var samla til Storbykonferanse for eldreråd i Bergen 11. – 14. juni.

Storbykonferansen for eldreråd 2018 har gjennom gruppearbeid og plenumsdebatt vedteke følgjande uttale om fri tannbehandling og eigenandel:

«Tennene er en del av kroppen. Tannbehandling er dyrt, selv for små inngrep. Derfor unnlater mange eldre å gå til tannlegen, noe som igjen kan gi alvorlige tannproblemer. Dette blir en fysisk og ikke minst en psykisk belastning.

- *Tenner og tannhelse er en del av det totale helsebildet. Grupper av eldre får i dag fri tannbehandling. Det må gjøres gradvis tilnærming slik at alle pensjonister omfattes av ordningen med fri tannbehandling, og går inn i den generelle egenandsordningen.*
- *I tillegg må det gjøres tannpleie hos eldre på syke- og aldershjem, og for eldre som får tjenester fra hjemmesykepleien etter vedtatte lover. Disse gruppene må også ha rett til å velje/beholde egen tannlege.*

God tannhelse gir god livskvalitet».

Storbykonferansen ber om svar på uttalen innan 25. september til Bergen eldreråd.